



Sommerro Panorama AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7604 - 20/61348

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2020

Løyve til mindre endring av reguleringsplan for Kubbaleitet, planID 1263-201215

Vedtak

«Alver kommune godkjenner søknad om mindre endring av reguleringsplan for Kubbaleitet, planID 1263-201215, som vist på plankart sist datert 4.8.2020 og med føresegner av revisjonsdato 11.8.2020. Vedtaket er gjort med heimel i Pbl § 12-14.».

Bakgrunn for søknad

Alver kommune har motteke søknad om mindre vesentleg endring av reguleringsplan for Kubbaleitet, planID 1263-201215. Av søknaden går det fram at ein ønskjer å endre byggjegrensa i plankartet for parkeringsanlegget under bakkenivå på BB2 og i føresegna fordeling av korleis parkeringsplassane er knytt opp mot dei ulike bygga i planen.

Bakgrunnen for søknaden er at noverande byggjegrense for parkeringsanlegget ikkje omfatta nok areal til at det kan byggjast fleire parkeringsplassar enn minimumskravet, når noverande avsett areal per parkeringsplass er for lite i høve til storleik på dagens motoriserte køyretøy.

Medverknad

Forslag til planendring har vore ute til ei begrensa høyring for grunneigarar både innanfor planområdet og dei tilgrensande eigedomane. Det kom inn 4 private merknadar derav 2 av dei hadde likt innhald. Kommunen er einig med forslagsstillar si vurdering av innkomne merknadar, som kjem fram av planomtalen på side 58. Offentlege mynde har ikkje vore varsla om endringa, då vi ikkje kan sjå at endringane vill råke relevante ansvarsområde for desse.

Vurdering

Kommunen vurderer det slik at endringane ikkje vil ha noko verknad for gjennomføringa av planen for øvrig, at dei ikkje vil gå ut over hovudrammene i planen og at dei ikkje vil råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Administrasjonen vurderer at endringane er så små

at dei fell inn under planendringar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. Pbl § 12-14 og Alver kommune sitt gjeldande delegeringsreglement.

Kommunen har vurdert den innkomne søknaden og kan ikkje sjå at endringane vil medføre ulemper for naboar i og utanfor planområdet. Innhald i innkomne merknadar omfattar ikkje søkte tiltak, og kan fyrst takast nærare stilling til av kommunen i samband med søknad om løyve til dei aktuelle tiltaka i planen.

Kommunen vurderer at endringane vil styrke gjennomføringa av allereie vedteken plan, og gje rom for utforming av eit betre tilpassa parkeringsanlegg under bakken i høve til dagens dimensjonar for motoriserte køyretøy.

Om klage og verknad av plan

Vedtaket om godkjenning kan klagast på av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. Plan og bygningslova § 12-12 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa, jf. Forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Alver kommune si plan og byggesaks avdeling ved følgjande adressat:

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller som e-post til post@alver.kommune.no

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jf. Plan- og bygningslova § 12-4. Det vert og vist til plan- og bygningslova §§ 15-2 og 15-3 om krav til innløyning og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Forvaltningslova § 27 bokstav b.

Gebyr

Det skal betalast gebyr for handsaming av endring av reguleringsplan med små endringar som kan avgjerast administrativt, jf. Gebyrregulativ § 7.3.1. Gjeldande sats for denne handsaminga er kr 12.400,-.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 124

5914

ISDALSTØ